

Informasjonsskriv til tilsette – 22. mai 2020



Volda
kommune

Kjære medarbeidar i Volda kommune,

Vi er heldige som bur på vestlandet med slike kontrastar. Det vekslar mellom vinter- og sommarsdag frå den eine dagen til den andre. Vi toler lengre periodar med regn og snø, for så å få glimt av blå himmel og sol. Da får vi det også i slik ein storslagen natur at det er ingen som kan måle seg med det vi får oppleve.

Koronasituasjonen er her enda. Vi driv tenestene med smittevernreglar. Det er stor fleksibilitet og ein annleis kvardag i dei fleste tenestene. Framleis har Volda kommune omprioriteringar for å kunne handtere situasjonen innanfor rammene av bemanningsressurs og økonomi. Dette er mogleg takka vere endringsdyktige tilsette som omstiller seg til å handtere situasjonen.

Koronasituasjonen vil prege heile dette året, og vi må halde fram med å følgje dei grunnleggjande smittevernreglane. Hald avstand, vask hendene ofte og hald deg heime dersom du er sjuk.

I tråd med råda frå helsemyndigheitene har vi avvikla den faste ordninga med heimekontor. Det er altså ikkje smittevernfarelege grunnar til å oppretthalde ordninga. Unntaket er større bykommunar der ein ikkje greier å oppretthalde smittevernet i kollektivtrafikken dersom fleire skal reise til og frå arbeid. Det har vore litt diskusjon rundt dette, og eg ser at vi kunne ha informert enda betre i forkant og hatt møte med vernetenesta på eit tidlegare tidspunkt. Ting skjer raskt, og nasjonale rettleiarar kjem også i etterkant av at dei endrar råda. Vi følgjer smittevernråda og opnar opp i samråd med kommuneoverlegen sine vurderingar. No har vi hatt møte med hovudverneombodet og verneombod for rådhuset. Det er utarbeidd smittevernreglar for rådhuset, samt sett opp informasjon rundt omkring i rådhuset. Personalsjefen har også sendt ut eigen informasjon om dette. Desse rutinane vil vere overførbare for andre kontorarbeidsplassar enn i rådhuset. Bakgrunnen for å avvikle den faste ordninga med heimekontor, er at helsemyndigheitene opnar opp for dette, og at det da vert naturleg å gjere dette også i Volda kommune. Det synest å ha fungert godt med heimekontor, men når vi skal gå meir attende til normal drift, så er det på arbeidsplassen vi utøver arbeidet. Med cellekontor og smittevernrutinar, så skal det vere fullt mogleg å ivareta smittevernreglane like godt i rådhuset, og kontorarbeidsplassane i kommunen, som elles i samfunnet. Tilsette i risikogruppe kan ha behov for å arbeide frå heime vidare framover, og må avtale dette nærare med sin leiar.

Eg har tidlegare vist til at regjeringa har lagt fram revidert nasjonalbudsjett, og at det er stort sprik mellom KS (kommunane sin interesseorganisasjon) og regjeringa sine utrekningar av inntektstapet og meirkostnadene på kommunane. Det er stor usikkerheit knytt til kva regjeringa er villig til å kompensere. Derfor må vi vere nøkterne og planleggje for at vi ikkje brukar meir pengar enn vi må også når det gjeld organiseringa av drifta knytt til koronasituasjonen. Eg synest de er flinke til å omprioritere og styre ned aktiviteten innanfor enkelte område for å ivareta smittevernreglane og sikre nødvendige tenester.

Vi er i tidleg fase med prosessen for neste års budsjett og økonomiplanen for dei komande fire åra. De har sikkert sett i media at vi har fått utarbeidd ei analyse over drifta vår. Denne er levert av KS Konsulent, og Chriss Madsen var i formannskapet og presenterte denne i møtet tysdag 19. mai. Det vart gjort opptak av presentasjonen. De kan gå inn på nettsida til kommunen og sjå presentasjonen. Analysen vart bestilt for å få ein status på standard og nivå på tenestene, og for å sjå korleis vi prioriterer dei ulike tenestene samanlikna med andre kommunar. Rapporten viser at vi har høg standard og høgt utgiftsnivå på dei fleste tenesteområda, og at vi har eit potensial for å drifte kommunen med ei lågare økonomisk totalramme enn vi gjer i dag. Vi vert nødt til å ta ut dette potensialet i ein kombinasjon av administrativt arbeid med effektivisering, tildeling av tenester som er tilstrekkeleg ut frå lovkravet, og politiske avgjerder knytt til prioritering og tenestestruktur. Sektorane arbeider no med tiltak for å tilpasse seg budsjetttrammene som er gitt i gjeldande økonomiplan. I formannskapet 9. juni og kommunestyret 18. juni vert det lagt fram økonomisk status for 2020, regulering av budsjett og føringar for prosessen med budsjettet for 2021 og økonomiplanen.

Den politiske og administrative toppleiinga i Volda og Ørsta har hatt videomøte for å drøfte om desse to kommunane kan samarbeide tettare. Dette handlar både om samfunnsutvikling og driftssamarbeid. Det vert jobba vidare med eit strategidokument som skal seie noko om kva ein vil med nærare samarbeid og prosessen for å få til dette. Her må tillitsvalte, leiarane og det politiske nivået involverast.

Kriseleiinga har faste møte måndag og torsdag kvar veke. I møta vert det ein gjennomgang av situasjonen, kartlegging av endringar i nasjonale tiltak og vurdering av lokal handling.

På kommunen sine heimesider finn de informasjon til tilsette om Covid 19:
<https://www.volda.kommune.no/beredskap/for-tilsette/informasjon-til-tilsette-vedrorande-covid-19/>

Det er viktig at de følger med på denne sida og held dykk oppdatert.

I mai er det nokre ekstra fridagar. Det har vore ein hektisk vår, og det er viktig at de kan få kople av litt innimellom. De som går i turnus må også jobbe på slike dagar når vi andre har fri. Det er viktig at vi samlar krefter og finn motivasjon når vi har moglegheit til det. For min del gjer eg dette ved å vere ute i naturen og vere fysisk aktiv.

Eg ynskjer deg ei god helg ☺.

Beste helsing
Rune Sjurgard
Kommunedirektør